

Merete Elin Knutsen

Trond Langenes

Skarsvegen 842

5912 Seim

Vollom 14/6-23

Alver kommune

Landbrukskontoret v/Laila Bjørge

Postboks 4

5906 FREKHAUG

SØKNAD/INFO ANG SAK 22/5858-2315107

Planeringsområde

Området det er snakk om (sjå vedlegg 1, 2 og 3) har tidlegare vore ein dal. Denne vart ikkje brukt til noko, og kunne heller ikkje brukast til noko. For å nyttiggjere seg av området på best mulig måte, er det blitt fylt i masser som består av stein og jord, som kjem frå eige bruk (bruk 2 og 3). Planen er å bakkeplanere området for å nytte det til slåttemark. Høydeforskjell på terrenget på bakkeplaneringen er frå 0,5 m til 3,5 m.

Overvatn på planeringsområde vil renne i eksisterende kisteveit.

Vatn

Eksisterende kisteveit kjem oppifrå og renn igjennom planeringsområdet, og vidare til elv (sjå vedlegg 4). Det er laga ny grøft og kumme oppanfor planeringsområdet, som samler opp vatn som kjem under veien. Denne er kobla til den gamle, eksisterande kisteveiten (sjå vedlegg 5).

Kommunen har laga ny grøft langs vegen (motsatt side av planeringsområdet) og under vegen, og satt ned kumme nedanfor planeringsområdet. Kummen ligg oppanfor

eksisterende avkjørsel (sjå vedlegg 6). Noko av vatnet rann tidligare ned langs veien i grøft og kumme, i tillegg til gjennom rør under vei. Slik det er no renn alt vatnet gjennom den nye grøften under vegen og til kummen på andre sida. Derfor blir det for lite kapasitet vidare gjennom eksisterende rør til kisteveit, og overvatnet renn ned langs vegen.

Vei/avkjørsel

På vedlegg 7 kan ein sjå kor den gamle vegen gjekk. Når det blei bygd ny veg til Storokse vart den gamle vegen delt i to, og tilkobla den nye vegen. Avkjørsel frå ny veg til gamal veg var fortsatt i bruk. Seinare blei denne avkjørselen utbedra. Ser ikkje at ein treng å søke for ein avkjørsel som har vore der frå før.

Mvh Merete Elin og Trond